

Låt o' Link

Medlemsblad for Valdres Folkemusikklag

Nummer 3

desember 2001

Årgang 11



*Olav og Mary Viken med barnebarna Kari Anne og Ole Morten Skogheim
Foto: Esther Sonja Bergene*

Innhald

Gratulerer, Olav!	2
Nyttårsfest på Herangtunet	4
Søknadsfristar for midlar til folkemusikk-tiltak	5
Kjære kollegaer – folkemusikkelskarar	5
Ny logo for Valdres Folkemusikklag	6
Det skjer noe i Sør-Aurdal også!	7
Kurs i tango!	7
Buss til Vinterkappleiken?	7
Trollkunster i spel	8



*Ta fram fela i jula!
Postkort: Nils Rogn*

GRATULERER, OLAV!

Det var ei høgtideleg og triveleg samkome på Slidrehuset laurdag 8.desember då fylkesmann Knut Korsæth festa Kongens fortene-
stemedalje i gull på jakka til Olav Viken. Om felemakaren vår



*Fylkesmann Knut Korsæth festar medalja på Olav. Foto:
Esther Sonja Bergene*

vart noko overraske av oppstusset, var det ein verdig mottakar som det denne dagen vart gjort stor stas på.

Olav fylte 80 år i sumar - kven kunne trudd det? - og var bedt inn til ei lita forsinka samkome i den samanheng. Det var hyggeleg å kunne overraske med litt anna i tillegg! Kongens fortene-
stemedalje i gull heng høgt, men om nokon i våre krinsar har fortent ei slik utmerking, må det vera han Olav. Så gratulerer enno ein gong - og god tur innover til Kongens slott både til deg og Mary.

Det fyrste året i det nye tusenåret er snart omme. Folkemusikken og -dansen ser ut til å ha greidd overgangen bra, og aktiviteten har vore god både i lokallaga og i regionlaget. Men like viktig

som å sjå bakover er det å ha omsut for framtida. For meg gjeld det fyrst og fremst Valdres Folkemusikklag. Året har vist at Vfl framleis har ein funksjon å fylle som regionlag og felles talerøyr i ulike samanhengar. Sjølv om oppslutningen på styremøta har variert, og lokallaga kanskje ikkje alle er like opptekne av kva Vfl driv med, er det forhåpentlegvis viktig for «saka» at me finst og er oppegåande.

Tilsettinga av Solveig har styrka oss ein god del, og gjer det lettare å drive styrearbeid. Me har nok minst brukt våre 5% av henne, og det hadde vore fint å ha råd til å kunne ha ei noko større stilling. Det same gjeld vel også Strunkeveko (20%) og Jørn Hilme-stemnet (35%). Viktig framover blir såleis å styrke økonomien vår. Tidlegare har me levd godt på resultatet av storstemne som Landskappleik og Landsfestival, men som nemnt i siste leiarbrev, blir i alle fall landskappleiken borte i så måte. Det er heller ikkje nokor god løysing å ta ut ein for stor del av overskotet av Jørn Hilme-stemnet til vanleg drift av Vfl. Etter at dansegolvgåva til nybygget på Museet er ferdigbetalt neste år (håpar det snart blir bygging!), er det nok av andre investeringar som krevst for å gjera stemnet endå betre. For dugnadsinnsatsen som me alle gjer, har Vfl motteke 25-30 000 kroner dei siste åra. Dette har gått til drifta vår. Skulle Hilmestemnet gå med større overskot, bør nok det - som no med dansegolvstøtta - pløyast inn i fornuftige investeringar som vil koma framtidige stemne til gode. Korleis me då skal få auka inntekter til drifta vår, blir ei viktig sak å ta fatt i framover. Kom gjerne med forslag!

Når dette blir lese, veit me korleis det har gått med festival-søknaden for neste års Hilme-stemne. Søknadssummen er på 250 000 kroner, og me håpar på god auke i forhold til dei 100 000 me fekk i fjor. Det hadde vore ei god julegåve til miljøet, og til dei som dei siste åra har stått i spissen for å heve kvaliteten og omfanget av stemnet.

Då vil me i styret få ynskje dykk alle ei retteleg god jul og eit godt nytt år.

Nils

NYTTÅRSFEST PÅ HERANGTUNET

HÆLO I TAKET.....

Mø gjentek 10 års suksess
å oppfordra gøttfølk som æ noko tess ;
ta mæ de den du lika best
so laga mæ ein agalaus nyttårsfest!

Klukka 19 æ det førfristilsa på fleire fat
mø løva rummegraut å spekjimat,
det bi traktering tå brus å øl
vil du ha noko sterkar får du ta det mæ sjøl.

No ska mæ skrata å tulleprate
å danse magatn våres flate,
for her har mæ spelemenn tå beste sort
sækji anna enn spela har gjort.

Klukka tøv æ det samling rundt eit nyttårsbål
å alle tek del i ein kjempeskål,
ein ølbølle sendast nemle rundt-
detta æ slek so æ sykisk sundt.

Mø står rundt bålet å kosa oss
kem vil du gje din nyttårsnuss?????
når mæ bi kalde so bær det innat
der mæ dansepartneratn finnat.


No æ det opp te fantasin
å gjæra denne kvelden fin
mø vil få goe minno i fleng,
å betala før gildet 250 peng.

Om du baka ei kake so du vil dele med andre
ska mæ festprisen lite forandre,
og hvist du ikkji konformasjon har hatt
bli det også ein liten rabatt.

Ingen før gamle å ingen før unge
like vælkåmne tynne som tunge,
Herangtunet æ der det sjer-
mø håpa at mæ ser de der!!!!

Bindande påmelding inna 20 desember te

Stian Roland tlf. 90 72 26 90 el. rolandstian@hotmail.com
Jan Beitohaugen Granli tlf. 90 73 95 61 el. beitoaugen@hotmail.com



SØKNADSFRISTAR FOR MIDLAR TIL

FOLKEMUSIKKTILTAK

Her er nokre datoar som kan være klokt å merkje seg om ein vil søkje midlar til folkemusikktiltak:

- 1. januar: Vaksenopplæringsmidlar,
Norsk musikkråd, www.musikk.no
- 1. mars: Støtte til lokale (særskilte) musikktiltak,
Norsk kulturråd, www.kulturrad.no

KJÆRE KOLLEGAER –

FOLKEMUSIKKELSKARAR

Tida går fort, men det ser eg på som eit teikn på at me nyttar ho godt. I allfall har eg hatt eit spennande år med mange utfordringar, stort sett overkommelege. Eg får stadig spørsmål om det er kjedelig å sitte aleine på kontoret, om kva eg gjer elles i året når Strunkeveko og Jørn Hilme-stemnet er over o.l. Og svaret er at eg trivast godt der eg sit eg, mykje byggjearbeid å fylgje med på, og så har eg Knut og Sigvald og Oddrun og Olav her, så de andre kan berre vera misunnelege. Attåt desse har eg resten av arbeidsstaben på museet, dei som sleng innom for å hjelpe meg, krevja meg eller berre for å ta ein prat.

I tillegg til alt dette prøver eg også å arbeide..... Strunkeveko og Jørn Hilme-stemnet har no blitt så store, både når det gjeld deltakarar og økonomi, at ein lyt arbeide med desse to arrangementa heile året. I det ligg bl.a. å planleggja kommande år, søkje midlar, krevja inn løyvingar, skaffe utøvarar, betale utøvarar, evaluera, rapportere o.l.

Det er mange trådar å trekke i, og ein prøver etter beste evne å imøtekome alles ynskjer.

Eg ser fram til eit nytt år med dykk!

Ha ei riktig God Jul, syng, spel og dans mykje slik at de går inn i

det nye året med dei rette rytmane i kroppen!

Minner om at fast arbeidstid på museet er

måndag og torsdag, kl. 10.00 – 15.00.

Folk har vore flinke til å betale abonnementet for Låt o' link, og det hjelper godt på folkemusikklaget sin økonomi.

Med det oppmoder eg også alle dei andre som mottek medlemsbladet, som ikkje har betalt, om å betale

kr.50,- til Valdres Folkemusikklag, kontonr: 2135.30.18652.

Eg har endå att T-skjorter.....

Venleg helsing Solveig

Tlf: 6136 4671

E-post: vfl@sensewave.com

NY LOGO FOR VALDRES FOLKEMUSIKKLAG



Valdres Folkemusikklag har vel aldri hatt nokon eigen logo. Sjølv om me i mange samanhengar har nytta Jørn Hilme-logoen , dekkjer denne berre ein del av aktiviteten vår. På siste styremøte bestemte me oss difor for å gå ut med ein konkurranse om ny logo for laget. I fyrste omgang vender me oss til dykk som lesarar av «Låt o link», og ber om gode forslag. Desse sender de til oss på adressa Vfl, Tyinvegen 27, 2900 FAGERNES eller tek kontakt pr. tlf. 61 36 46 71.

Logoen bør ha ein enkel symbolbruk, men samstundes gje klare signal om kva laget arbeider med. (Jfr. Museumslogoen.) Me kan ikkje love stor rikdom til den som kjem med beste forslaget, men derimot godt med heider og ære.

DET SKJER NOE I SØR-AURDAL OGSÅ!

Den 10. november arrangerte Begnaljom kurs for barn på Sør-Aurdal ungdomskole i Bagn. Ca. 20 barn møtte opp og fikk instruksjon i felespill, sang, langeleik, hallingdans og godkarstykke. Det var stor aktivitet hele dagen, og både barn og foreldre hadde en opplevelsrik dag. Trygve Bolstad instruerte i felespill, Marit Mattisgard tok seg av langeleik og gamle sangtradisjoner, mens Solveig Hårdnes stod for hallingdansen og godkarstykke. Hele dagen kunne deltakerne og tilskuerne kose seg med vafler, kaker, pølser og brus/kaffe. Om kvelden var det konsert, og barna fikk vise hva de hadde lært.

Etterpå spilte Begnaljom opp til dans, og både unge og litt eldre var aktive på dansegulvet. Vi håper at vi kan ha flere slike arrangement i framtida.

For Begnaljom

Anne Karin Eid

KURS I TANGO!

18 – 20. januar skipar Vårflaumen til helgekurs i TANGO! Vi har sikra oss Norges mest kjende tangoinstruktørar Ramon Gimenez og Nili Deloya. Kurset tek til fredag kveld og blir avslutta søndag ettermiddag. Sosialt samver laurdagskvelden med mat, lysbilete frå Argentina, innføring i tangoens historie og kultur og – sjølvstekt – dans.

Pris ca. kr 600 pr. pers. inkl. laurdagskvelden. Påmelding tlf. 61363700

BUSS TIL VINTERKAPPLEIKEN?

Mange valdrisar har ytra ynskje om felles buss til Vinterkappleiken i Rauland. (**25-27 januar**)Me har derfor teke initiativ til å organisere dette. Slik vil det vera mogleg for fleire å reise, samstundes som dette truleg vil bli ein svært sosial reisemåte. Dersom mange nok melder seg, tek me sikte på å få reiseutgiftene ned under 500 kroner.

Påmelding innan 12 januar til: **Stian Roland: 90722690**

Bente Okshovd: 61342605

Framhald neste side

Vinterkappleiken, framhald...

Konsert med Harv

Vinterkappleiken har hatt som tradisjon å opne med ein konsert fredag kveld. Den svenske gruppa "Harv" vil i år sørge for ei kraftframsyning med norsk/ svensk folkemusikk på eit svært høgt musikalsk nivå. Gruppa består av feleduoen Magnus Stinebom og Daniel Sandén Warg, og med seg har dei Petter Stårgren på gitar. Daniel har lenge vore i Setesdal hjå Hallvard Bjørgum, slik har dei også norsk musikk på repertoaret. Feleduoen i gruppa spelar på dei fleste ulike former for feler. Vi vil få høyre både vanleg fele og slektningar av hardingfela, dvs former for feler med understrenger. I tillegg spelar dei på seljefløyte og noko dei kallar for moraharpe, ei slags nøkkelharpe. Dei spelar mest Värmlandsmusikk, ein musikk som har mykje til felles med Hedemarksmusikken. Musikken dei spelar er svært fengande og appellerar verkeleg til dansefoten, noko som passar godt sidan det etter konserten er gode dansemoglegheiter på Raulandsakademiet.

Kappleiken laurdag

Frå klokka er 09.00 er det mogleg å melde seg på kappleiken. Sjølvtevinga byrjar 10.30. Vinterkappleiken er kjent for stor deltaking og fine premiar. Tevlinga vil gå føre seg i to salar parallelt og vare til ca 19.00. Då byrjar festen! Vinterkappleiken er ein svært sosial og livat kappleik. Intime sofakrokar og god dansemusikk frå alle dalføre skulle gje gode moglegheiter for ein triveleg kveld.

Overnatting kan tingast på akademiet på Tlf. 35 07 32 92

Stian Roland

TROLLKUNSTER I SPEL

Boka "og fela ho let-" inneheld mykje godt stoff om spelemenn og spel. Den er skriven av *Arne Bjørndal* og *Brynjulf Alver* og kom ut fyrste gong ca 1965 og andre utgåva i 1985.

Her er det mellom anna interessante forteljingar om korleis spelet vart brukt før i tida, til å skremma folk og til å få omtale blant folk.

Dette kan absolutt vera noko å ta fram att i våre dagar. Spelemenn må på nytt læra at spelet er nært knytt til overnaturlige makter! Når mystikken får koma til sin rett, kjem interessa frå vanlege folk tilbake for fullt.

”...vi skal hugsa på at spelemennene hadde ikkje så lita interesse av å halda oppe trua på at dei røyntag stod i samband med løyndemaktene og hadde lært spelet sitt av dei. Det styrkte vørnaden for dei, ein vørnad som ikkje alltid var så stor; det hjalp å halda oppe interessa for spelet og ikkje minst kunne det halda lydarane i age. Dette siste var slett ikkje det minst viktige. Så hardt som det røynde på spelemannen i bryllaup i gamle dagar, var det ikkje å undrast på at dei fann på rådgerder for å få kvila. Felespelet var både til fælse og frygd; det fanst fenomen som ålmenta ikkje kunne kontrollera. Når spelemannen vart utkjasa og sprengd av speling og ståk og vaking, var det hendig med litt « heksekunster». Ein av desse var «å løysa den låke», eller «dansa bord og benkjer». Her skal gjevast eit par døme på at spelemannen har gripe til slike råder:



Nils Gilahaugen frå Strandvik var ein dugande felespelar. I eit bryllaup tok han brått til å spela ein skremmeleg stygg låt, så ulikleg at heile lagslyden vart fælen og tukka seg unna. Det var ein furdeleg og skjerande tone som mest gjekk til marg og bein, og dei bad han slutta. Men då sa han til danselyden at dei berre fekk gå ut, så skulle dei kanskje høyra noko då og. Heile hopen sprang ut på tunet, men då fekk dei høyra ein annan låt. Frå fela til Gilahaugen kom no dei fagraste tonar, mjuke og reine som sølv. Nokre av laget freista å gå inn att i stova, men då kom den fæle ulyden att. Nokre hjartige karar klauv opp for glasset og ville sjå inn; men då dansa alt som inne var' Bryllaupslaget vart reint ifrå seg og strauk sin veg alle ihop. Han hadde «løyst den vonde», trudde dei.

Andris Dahle var ein spelemann som ofte hadde den trolske dåmen i spelet sitt. Foto: Nils Rogn

Dette er ein mykje vanleg tradisjon, og det vert fortalt om mange spelemenn som nytta seg av denne råda. Av desse var Gudbrand Skjellerud, som i si tid gjekk for å vera beste spelemannen i Hallingdal. Han fekk det stundom med å spela slik at både gryta og alt som elles var laust i stova dansa. «Nei, bejinna du slik so tek eg fela tå deg,» hermer dei etter kona hans.

«Når Kristjan [Feiar frå Mo i Telemark] spila, so skrangla grytehoddune der han va' inni husi å bor å benkjir flutte seg, so let de; å dei måtte taka av 'en fela, han konn 'kje sleppe hæna, å når dei la 'æ på bori, så hoppa fela upp ifrå, sjov.»

Magne Kleiveland (Einlidskarden) hadde vore i spellære hjå Nils Rekve på Voss og fekk læra heksekunst hjå lærefar sin. Ein gong spurde ein av lærsveinane til Einlidskarden om han ikkje kunne få læra å spela slik at bord og benkjer dansa. -Jau, det kunne han nok, sa Einlidskarden' «Men når du har lært det,» sa han, «vert du gjerne ikkje fejen tå det, for det er ein trollkunst det,» la han til. Og då våga ikkje næmningen seg til å fråga etter meir.

Dette var kan henda ikkje så merkeleg, for spelemennene var like fulle av ovtru som anna folk. Ofte trudde dei sjølve at dei hadde lært ymist av dulde makter, og ikkje sjeldan vart det fortalt at dei ikkje fekk lærdomen for inkje.

Ei anna vanleg nytta hekseråd, som mange spelemenn nytta seg av for å få folk til å tru at dei kunne meir enn mata seg, var å spela ei ølskål eller eit drammeglas til seg. Eit par oppskrifter om dette:

«Krøsshaugen frå Valdres var i mange brudlaup i Kvamme i Sogn. Det fortelst at han kunne få dramme glasi til å dansa frå eine bordenden til den andre utan å spilla ein drope.»

«Som kompliment for Isak Jarane (Botnen) så kunde han spille brendevinsglaset til sig, det vil sige at de satte glaset midt på bordet, slo brennevin i og Isak satte sig ved bordet til at spille på en slått, og når slåtten var utspilt, var glaset kommet bort til han. Dette syntes folk i de dager var helt unaturligt, enskjønt det var ganske naturlig.»..

..mest vanleg var det å slita strengene for motspelarane. Knut Fosslia i Krødsherad var lite velkomen når spelemennene kappspela, for då nytta det ikkje for dei hine. Strengene rauk og felene ville ikkje låta. I Valdres

lika ikkje spelemennene å kappast med Torgeir Hegge og Nils Beito-
haugen, for dei hadde ord for å kunna meir enn mata seg. Men Anders
Nedrelid frå Jostedal lika ikkje å nytta kunstene sine mot andre enn dei
han meinte var hovne og sjølv gode.

Når dei hadde meir enn ein spelemann, vart den eine av dei gjerne
ovundsjuk på den andre, og så «knepte» gjerne den eine strengene for
hin, om han kunne den kunsten då.

På Hobbåsland i Eiken var det to spelemenn i eit bryllaup ein gong. Så
skulle den eine spela brurlaget frå tunet og den hin frå Hestebakken ved
kyrkja. Då slapp dei tevlinga dei imellom. Men det gjekk gale likevel.
«Då den andre tok til å spela på Hestebakken, knippte den fyrste
spelemannen ein streng for han. «Kunne du det?» sa den andre. «Kom
eg ringt o tunæ, so ska du komma ringt o Hestebakkjen,» sa den fyrste.
Men då knippte hin alle strengjerne for den fyrste, so fela vart rein for
strengjer. So la dei tvo spelemennerne ihop og slost.»

Men det var så langt ifrå overnaturlege krefter som verka inn. Jens
Fresvik frå Sogn var på Lærdalsmarknaden og spela i lag med «Mulen»
(Ola Mosafinn). Det var mange unge spelemenn frå Hallingdal og
Valdres som ville prøva døyva dei. Men dei to gamlekarane stilte felene
sine høgare og høgare, slik at kvinten rauk for den eine etter den andre
av motspelarane. På resten sat dei att med avsliten kvint alle i hop. «So
trudde dei me kunde trolla, men ettepao lo me godt, eg og Mosafinn,»
fortalde Fresvik. Oddmund Urheim fortalde om Per Bulko at når det
møttest mange spelarar i bryllaupa brukte han å stilla fela så høgt når
dei skulle spela i lag at strengene slitna for dei hine. Då trudde dei det
var trolldom.

Ei anna råd var å leggja eit byggkorn i fela. Gullik Kirkvoll fortel frå
Valdres: «Mange av dei eldre felone hadde eit lite hol i nakka. Der var
det sett inn eit byggkorn, for at ikkje andre spelemennner kunne trølle av
strengene. Dette var ofte tilfelle når fleire spelemennner var til stades, t.d.
i brudlauper. Dette holet var tetta med bråe harpiks - harrpeis - so dei
sa i Valdres. Det var ei vanleg meining at korn eller alt av mjøl eller
grøn var medel mot trolldom. - Um dette byggkornet var vanleg, veit eg
ikkje. Men den gamle Trondefela til Engebret Beitohaugen, Beito, Ø.
Slidre har i alle fall eit byggkorn i nakka. Engebret sjølv fortalde: «Eg
visste ikkje kva som var innanfor denne harpiksen, men so vilde eg ein
gong sjå etter og bora ut til eg kom eit stykkje innover. Der låg eit
byggkorn. Eg putta det innatt og bredde atti harpiks. Denne fela er svært
gamal og er ei ekte Trondefele. Det er so fint mål i den fela--.»

B



- ◆ Styremøte VfI, 14 januar 2002
- ◆ Kurs i Tango, Fagernes 18-20 januar 2002
- ◆ Folkemusikktreff i Vågå, 25-27 januar 2002
- ◆ Vinterkappleiken i Rauland, 25-27 januar 2002
- ◆ Norrsken – Røros, 1-3 februar 2002



Nissar spelar hardingfele med komp! Postkort: Nils Rogn

**Valdres Folkemusikklag
ynskjer alle lesarar
ei god jul og eit riktig godt nyttår!**